

Referat frå 1. møte i Kunstkomiteen for nye Voss gymnas

18.03.2015

Kl.11.30 – 14.00

Stad: Administrasjonen Voss gymnas. (Rektor sitt kontor)

Til stades:

Petra Rahm (kunstkonsulent), Gunnar Hemre Ringheim(HFK –Eigedomssekkj), Ingebjørg Astrup (HFK – Eigedomssekkj), Rakel Marøy (Voss husflidsskule), Sara Rykke Mandellid(elevrepr. Voss Gymnas), Per Højgaard Nielsen(arkitekt), Tone Stedal Haugland(HFK-Kultur- og idrettsavd)(referent)

1. Presentasjonsrunde

Alle medlemmane i komiteen var til stades og presenterte seg.

2. Arbeid i eit kunstutval

- Ingebjørg Astrup orienterte

Det er sett av 1,2% av totalenteprisen til kunst, og i det utgjer i dette prosjektet 3 millionar kroner.

Det er i tillegg søkt KORO om 1,2 millionar kroner.

Mandatet for dette kunstprosjektet er primært nybygget.

Framdriftsplan vart lagt fram. Møta i kunstkomiteen i vår vil verte 29.04 og 01.06.

3. Fakta om den nye skulen

- Rakel Marøy presenterte tankar og visjonar for den nye skulen, m.a. «Dannelsesreise og refleksjon». Det vart også orientert spesielt om eksisterande kunst i dei skulane som no skal verte ein. Der er fleire verk, også andre bruksgjenstander som kan vere verdt å ta vare på / evt. ta med seg til det nye bygget. M.a. står ein skulptur «Skapende hender» av Nils Aas utanfor husflidskulen som det vart ytra ønskje om å få den med seg til den nye skulen.

Det vart her også løfta fram av kunstkonsulenten at ein evt. kan setje av midlar (t.d. til kurator) for å jobbe med korleis ein kan bruke, organisere og formidle eksisterande kunst.

4. Kva er kunst i bygg?

- kunstkonsulent Petra Rahm orienterte både generelt og med ein del konkrete eksempel.

5. Presentasjon av bygget

v. arkitekt Per Højgaard. Presentasjon med teikningar vert lagt ved dette referatet.

6. Neste møte i kunstkomiteen vil verte på den nye Høgskolen i Bergen på Kronstad 29.04. Høyskolen er eit eksempel på gode utsmykkings-/kunstprosjekt. Det vert sett av omlag 1,5 time til omvisning/presentasjon av dette, i tillegg til møtetid.